

Framtida for Sunnhordlendingen.

Medlemstalet går nedover, og gjennomsnittsalderen går oppover. Nokre få av den yngre generasjon har vist interesse for å bruke hytta, og meldt seg inn i laget i 2008. Vi ser fram til at fleire gjer det samme. Vi bør også satse på å få unge krefter med i styret.

Rekneskap for 2007 og 2008

Resultat/KTV

	2007		2006	
Medlemspengar		2 000.00		4 400.00
Overnattingar		6 145.00		8 230.00
Gebyr/renter	94.58			5.86
Straum	3 945.36		5 844.05	
Renovasjon/vassavgift	7 193.74		7 425.00	
Forsikring	3 193.00		2 968.00	
Driftsutg./vedlikehald	1 449.00		2 602.00	
Underskot		7 730.68		6 203.19
	15 875.68	15 875.68	18 839.05	18 839.05

Balanse

	31.12.07		31.12.06	
Postbanken	2 697.02		10 130.50	
Sunnabu	150 000.00		150 000.00	
Kreditor: Lars Olav		46 904.21		46 603.01
Lån medlemmer		80 000.00		80 000.00
Eigenkapital		25 792.81		33 527.49
Ørebalanse				
	152 697.02	152 697.02	160 130.50	160 130.50
Endring eigenkapital		-7 730.68		-6 203.19

Rekneskapen for 2007 går med stort underskot, men ein del av underskotet skuldast at 8 av medlemene først betalte medlemskoningtonen for 2007 etter nyttår. Det kjem på rekneskap for 2008.

Sunnavind

Meldingsblad for Bygdelaget Sunnhordlendingen. Nr. 1 2008

89. årg Nettversjon: <http://home.no.net/lotveita/sunnavin.htm>

Innkalling til felles årsmøte 2007 og 2008:

Tid:Torsdag 13.

november 2008 kl.

19.00

Stad: Hjø Kirsti og

Lars Olav,

Ravnestølen 178.

Sakliste:

1. Årsmelding for

2006 og 2007.

2. Rekneskap for

2006 og 2007.

3.

Medlemskontingent.

4. Drift av Sunnabu.

5. Val.

6. Eventuelt.

Bilete: I glasburet.



I fjor fekk vi ikkje avvikla årsmøte. I mars prøvde vi å få til årsmøte 2007 og 2008 på Sunnabu kombinert med veteranreff. Men vi valde den verste uvershelga i mars og kanselererte både årsmøte og veteranreffet. Vi avviklar no års møtet i bydn, og satsar på eit veteranreff på hytta – evt. med årsmøte 2009 - til våren.

Meld frå på telefon 55 51 05 88 eller tekstmelding til 90 61 63 59 om du kjem.

Vel møtt!

Plan for drift av hytta våren 2009:

(sjå også <http://home.no.net/lotveita/utleige.htm>)

Ei helg kvar månad disponibel for arrangement – dvs. hytta skal ikkje leigast ut:

9-11. januar: Sesongstart. 6.-8. februar: Treff. 13.-15. mars: Årsmøte for 2009

med veteranreff. 17.-19. april: Etterpåsketur

Alle andre helger og veker prøver vi å leige ut til medlemmer eller andre.

Fordeling av hytta skjer slik i sesongen (januar-april):

For utleige ei helg:

Fordeling skjer torsdag kl. 19.00 8 dagar før utleige. Alle som har meldt seg innan den tid, vil bli vurdert. Medlemer har fortrinnsrett. Dersom ingen har meldt seg, gjeld "først til mølla" etter det tidspunkt. Inntil ei helg kvar månad kan "seljast" på førehand utan tidsfrist til eksterne/interne leigetakarar. Hyttestyret kan dermed straks svare ja på forspørslar om hytteleige framover i tid. Dersom ingen vil leige ei helg, står hytta disponibel for spontan oppreising etter avtale med hyttesjef.

Dei helgane hytta står disponibel for medlemer (ei helg kvar månad):

Dersom ingen har meldt seg interessert i å nytta hytta før torsdag (1 dag før helga), kl. 19.00, kan hytta leigast ut etter prinsippet "først til mølla". Når hytta ikkje er utleigd (dvs. vanlegvis) er hytta disponibel for spontan oppreising etter avtale med hyttesjef.

Vinterferie 2009 (2.-6.mars)+helga før eller etter:

Utleige til markedspris (min kr. 4500 , kr. 3500 for medlemer). Tildeling mellom dei som har meldt interesse, skjer torsdag 29.januar kl. 19.00. Dersom ingen har meldt seg før dette tidspunkt, så blir hytta leigd ut til eksterne eller medlemer etter prinsippet "først til mølla".

Påskeferie med palmehelg 2009 (3.-13. april) (kan f.eks. delast i to):

Fordeling skjer torsdag 19. mars kl.19.00 mellom dei som har meldt seg interessert til dess. Etter det skjer tildeling etter prinsippet "først til mølla" eller hyttestyret kan velja å leiga ut komersielt dersom det er ledig tid. Pris: Kr. 800,- /1200,- pr døgn for medl/ikkje medl. i påskedagane (onsdag kveld til mandag), Kr. 600,-/1000,- pr døgn i første del av påska (fredag til onsdag).

Her er hyttetakstar med verknad frå 1.1.08:		
	Medl.	Ikkjemedl.
Pr. natt (utanom påske)	60	70
Pr. natt påskeonsdag-2.påskedag	80	100
Veke sundagskveld-fredagskveld	1000	1500
større grupper/klassar tillegg pr. person	20	30
Helg fredagskveld-sundagskveld	600	1000
større grupper/klassar tillegg pr. person	20	30

Barn under 16 år: Halv pris av foreldrene

For enkeltdøgn kjem tillegg kr. 100 pr døgn for straum på deling mellom alle på hytta.

Bruk av parkeringsplass: Kr. 30 pr. dag + kr. 30 pr natt. (Ikkje ved vekeleige)

18 medlemer i Sunnhordlendingen 2007:

Finn Mortensen, Ingse Andersen, Britt Karin Hegdal, Atle Jan Røyrvik, Knut Skålnes, Atle Tornes, Anne Britt Tornes, Anne Sofie Totland, Kari Aarbakke, Alf M. Bakke, Inga Tveito, Kirsti Havikbotn, Lars Olav Tveita, Olav Kvernenes, Per Aga, Gunnbjørg Skålevik, Jan Steinar Urdshals, Anne Marie Havelid.

Dette er dei som har betalt for 2007. Vi reknar med at nokre berre har gløymt innbetalinga og at dei kjem innatt i 2008.

Årsmelding for året 2007

Styret dette året har vore det samme som i 2006 avdi det ikkje har vore avvikla årsmøte :

Formann: Lars Olav Tveita
Kasserar: Kirsti Havikbotn
Skrivar: Per Aga
Styremedlem: Reidar Rusaas
Varamedlemer: Atle Jan Røyrvik, Britt Karin Hegdal, Inga Tveito
Ettersynsmenn: Atle Jan Røyrvik og Finn Mortensen
Rådet etter årsmøte i 2006:
Olav Bjørgen, lår igjen av funksjonstida
Anne Sofie Totland, 2 år igjen
Ingse Andersen, 3 år igjen
Atle Tornes, 4 år igjen
Kari Aarbakke vald for 5 år

I 2007 var aktiviteten som vanleg liten. Hytta var ein del brukt, men ikkje på langt nær så mykje som det kunne vera ønskjeleg. Det var mange fine skihelgar på Kvamskogen i 2007, og det er berre synd at ikkje fleire brukte Sunnabu. I 2008 har det også vore ein fin skisesong. Det var mykje snø langt ut i mai, og etter den tidlege påskehelga var det også fint å gå på ski.

Dugnad

Vinduskarmane i stova er måla, i gangen til gamleheimen er tak, dører og karmar måla. Utvendig er målinga på veggane fornya der det var slitasje, vinduskarmar og srosser er måla, skykkja er måla på nord og austvegg. Taket er som vanleg reparert etter at snøras hadde tatt taksteinar. Ein del av Fjellkammeratane sine grantre som skyggjer for sola, må høggast ned. Også ein del av våre tre kan godt fellast og sagast opp til ved. Har du motorsag, er det bra. Andre dugnadsarbeid som må prioriterast, er rydding rundt skykkja og bortkøyring til gjenbrukstasjonen i Samnanger av skrapmaterialar som ikkje kan brukast til ved. Golvet i stova burde slipast. Sjå elles dugnadsliste på internett: <http://home.no.net/lotveita/dugnad.htm>